

HARAM KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I HARAM KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

torsdag 17.11.2011 kl. 13.00
på Haram rådhus

SAKLISTE:

- Sak 05/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 31.05.2011
- ” 06/11 - Orientering om kontrollutval og revisjon
(Ei munnleg orientering)
- ” 07/11 - Saker som vil kome
- ” 08/11 - Tertialrapport 2. tertial 2011- Haram kommune
- ” 09/11 - Oppfølging av politiske vedtak.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Eivind Davik
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I HARAM KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 31.05. 2011, kl. 10.00

Møtestad: Haram rådhus

Møtet vart leia av: Svein Harsjøen

Elles til stades:

Villy Alvestad og Eivind Davik

= 3 voterande

Astrid Ahrens hadde meldt forfall og Eivind Davik møtte i staden

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Haram kommune møte:

Ordfører Bjørn Sandnes, rådmann Turid Hanken og økonomisjef Levi Lervik

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 01/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. OKTOBER 2010

Under forhandlingane kom det fram at det i neste møte blir teke opp tema frå sak 17/10 om oppfølging av politiske vedtak.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte den 25. oktober 2010 blir godkjent.

SAK 02/11

ÅRSMELDING 2010 – HARAM KOMMUNE

Innstilling datert 30.05.2011 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Haram kommune til orientering.

SAK 03/11

KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – HARAM KOMMUNE

Følgjande innstilling, datert 31.05.2011, vart lagt fram av kontrollutvalsekretariatet:

1. Haram kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent
2. Innan enkelte hovudansvarsområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

Eivind Davik sette fram forslag om å stryke punkt 2. Dette vart samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale lyder slik:

Haram kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent.

SAK 04/11

REKNESKAP 2010 – INGEBRIGT DAVIK - Huset KF

Innstilling datert 31.05.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Rekneskap 2010 for Ingebrikt Davik-huset KF blir godkjent.

Svein Harsjøen
leiar
(sign.)

Villy Alvestad
medlem
(sign.)

Eivind Davik
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 14.11.2011

**SAK 07/11
SAKER SOM VIL KOMME**

Som vedlegg følger:

- Skriv frå Haram kommune av 01.06.2011 med vedlegg

Det vil kome ei sak om IT – området i Haram kommune, sjå vedlegg. Avgrensing og føringar som kan brukast i ei definering av prosjektgjennomgangen ønskjer ein å drøfte med kontrollutvalet.

I sak 12/10 vedtok kontrollutvalet å ta ein gjennomgang av kommunen si praktisering av Offentleglova og korleis kommunen handterer reglane om rettidig svar på mottekne brev med utgangspunkt i reglane i forvaltningslova § 11. For å belyse dette, vil også kommunen sine rutinar for føring av postjournal bli gjennomgått.

Kontrollutvalet gjorde i ovannemnde sak slikt samrøystes vedtak:

Det blir gjort ei avgrensa undersøking/vurdering gjeldande praktisering av Offentleglova i Haram kommune samt ei undersøking/vurdering av om svartidspunktet på innkomne brev er i samsvar med fristane i forvaltningslova.

Denne undersøkinga er no starta opp.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

1. Kontrollutvalsekretariatet blir bedt om å få utarbeidd ei projektskisse for undersøkinga av IT - området.
2. Forøvrig tek kontrollutvalet saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar



Kommunerevisjonsdistrikt nr 3
Postboks 7734, Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Vår ref.
11/4124/070, &29/EAM

Dykkar ref.

Dato:
01.06.2011

Haram kommune og IKT-tenesta. Grunngeve spørsmål til kontrollutvalet

Vedlagt vert oversendt grunngeve spørsmål frå Haldor Lillebø, SP vedk. Haram kommune si IKT-teneste. Svar på spørsmålet vart gitt av ordførar Bjørn Sandnes i kommunestyremøte 10.02.11.

Ettar at svar var gitt sette representanten Haldor Lillebø fram slikt framlegg:

Eg vil oppmode ordføraren om å la kommunestyret sende spørsmålstillinga over til kontrollutvalet om Haram kommune har hatt og har kontroll/styring på si eiga IKT-teneste.

Ordføraren tok framlegget opp til røysting og framlegget vart samrøystes vedteke.

Eg beklager at spørsmålstillinga ikkje har blitt oversendt kontrollutvalet tidlegare.

Med helsing

Elin A. Moen
seksjonsansvarleg

Interntlf. 70 20 75 32

Vedlegg:

Svar på spørsmål
Spørsmål til Ordføraren, Haram Kommunestyre feb.2011.

Til Ordfører Bjørn Sandnes

Spørsmål til Ordføreren i kommunestyret.

På bakgrunn av avsagt dom i Sunnmøre Tingrett den 14.januar 2011 der ein tidlegare ikt-ansvarleg med rådmannen som nærmaste overordna blir tiltalt for å hacket seg inn på serveren til Haram Kommune , og fjernet programvare slik to av kommunens webløsninger ble satt ut av drift den 12.juli 2010, ber eg ordføreren redegjere overfor kommunestyret om Haram kommune har hatt kontroll og styring på si eiga IKT-tjeneste .

Eg har ved fleire høve i kommunestyret over mange år vore bekymra over organisering og drift av Haram kommune sine IKT tjenester. Den tidlegare Ikt-ansvarlege sa opp stillinga den 23.november 2009 og ei veke etter oppsigelsen anmeldte kommunen han for mulig utroskap eller underslag. Politiet henla saken i november 2010.

For å understreke bakgrunnen for at eg ber Ordføreren redegjere overfor kommunestyret om Haram kommune har og har hatt kontroll og styring på si eiga IKT-teneste vil eg her sitere ut i frå straffeutmålinga: *” Lenge etter at tiltalte hadde avsluttet sitt arbeidsforhold som IKT-ansvarleg i Haram kommune gjorde han bruk av sin faglege innsikt til å gå inn og fjerne to webløsninger fra kommunens server. Selv om de tjenestene som ble rammet ikke kan sies å berøre vitale samfunnsfunksjoner, er det likevel av stor viktighet at man kan stole på påliteligheten til offentlige datasystemer.”* Sitat slutt.

Eit anna punkt frå straffeutmålinga som berører mitt spørsmål er sitat: *”Momenter som begrunner valget av reaksjonsform er for det første at Haram kommune i langt sterkere grad burde ha betonet overfor tiltalte at hans bruk av copyright ikke var akseptabel. Tidligere rådmann Jan Petter Eide i Haram fremholt i sitt vitneprov at den administrative ledelse var klar over problematikken, men at en lot spørsmålet ”henge i lufta”. Alt var greit så lenge systemene fungerte. Kommunens unnlåtelse unnskylder ikke tiltaltes handlinger, men det kan i en viss grad brutt ned motforestillinger hos ham som ellers burde vært der ”.* Sitat slutt.

Til slutt håper eg på at Haram kommune er samd med det som Sunnmøre Tingrett skriv om : **det er stor viktighet at man kan stole på påliteligheten til offentlige datasystemer.**

Hildre den 6.februar 2011

Haldor Lillebø

Kommunestyremedlem frå Senterpartiet.

Kommunestyremøte 10 febr. 2011.

Svar på spørsmål frå Haldor Lillebø.

Haldor Lillebø ber ordføraren redegjere overfor kommunestyret om Haram kommune har hatt kontroll og styring på si eiga IKT-tjeneste.

I denne kommunestyreperioden har vi hatt fokus på IT-tenesta i Haram kommune. Saka har vore oppe fleire gonger i formannskapet. Alt i mars 2008 ba vi om å få opp IT-situasjonen i kommunen som politisk sak. I desember 2008 vedtok formannskapet at eit uavhengig selskap skulle gå igjennom tenesta. Dei laga også ein rapport. Saka var oppe i kommunestyret den 26.02.09 der vi mellom anna vedtok å styrke kompetansen og kapasiteten på IT-avdelinga. IT-leiar kom på plass våren 2009.

Til spørsmålet om vi har hatt kontroll og styring på IKT tenesta er å seie følgjande:

Haram kommune gjennomførte frå våren 2009 og våren 2010 tiltak for å sikre tryggleiken til datasystema i kommunen. Arbeidet med å trygge systema er eit kontinuerleg arbeid og IKT systema vert stadig forbetra.

På generelt grunnlag har Haram kommune sine IKT system tryggleiksnivå fullt på høgde med andre kommunar som det er naturleg å samanlikne seg med. På denne bakgrunn har kommunen hatt tilstrekkeleg kontroll og styring med sin IKT teneste.

Når det gjeld den spesifikke saka som Haldor Lillebø viser til, så var dette eit særtilfelle. Dette var 2 dataprogram av mindre sensitiv karakter som vart sett ut av drift. Dersom ein tidlegare tilsett i sentral stilling innan IKT vel å misbruke sin kunnskap om IKT systemet til å skaffe seg uautorisert tilgong, er det svært vanskeleg å gardere seg fullt ut mot dette. Her var sperra for "normal" tilgong, men ein nytta her ein bakveg inn i "ikkje-sentrale" delar av systemet som berre ein person kjende. Denne tilgongen er no sperra og Haram kommune har gått kritisk gjennom IKT systema for å hindre at liknande skal kunne skje.

På generelt grunnlag er det umogeleg å garantere 100% tryggleik i datasystem. Dersom ein vil heilgardere seg, krev dette full reinstallasjon av alle IKT system når sentrale personar som kjenner til systema sluttar. Dette vil medføre store kostnader og meirarbeid. Eg håper slike drastiske tiltak ikkje vil vere nødvendige.

Brattvåg 10 februar 2011.

Bjørn Sandnes
ordførar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 14.11.2011

**SAK 08/11
TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2011 - HARAM KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Utdrag frå formannskapssak 089/11 og kommunestyresak 056/11

Formell bakgrunn for rapportering

Av budsjettforskriftene §10 går følgjande fram:

"Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalingar og utgifter og utbetalingar i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å annta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak"

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett bør kommunane fastsette reglar for omfang og hyppigheit av rekneskapsrapportering i løpet av året. Det bør også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa bør få rekneskapsrapportering på sitt respektive nivå. Kommunestyret må få rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet. Det bør også føreligge eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, så bør rapporteringa også innehalde verbale kommentarar til forskyvingar som følgje av tidleg eller sein byggestart, framdrift, kostnadsoverslag, finansieringsplan og løyvingar. Det bør også lagast eigna rapportar for prosjekt som går over fleire år.

Dersom kommunestyret skal få tilstrekkeleg oversikt, bør rapportering gjerast med same spesifikasjonsgrad som kommunestyret sitt budsjettvedtak med budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B (driftsbudsjettet-og investeringsbudsjettet).

Vedkomande framlagte rapport

Kommunen har i 2011 budsjettert med 24 mill. kroner i inntekter frå finansforvaltninga for å få budsjettet i balanse. Ved utgangen av 2. tertial er statusen ei negativ avkastning på ca 15.5 mill. kroner.

Tertialrapporten har ingen prognose på forventa rekneskapsresultat for 2011. Dette medfører også at det i saka til kontrollutvalet ikkje kjem fram ønska informasjon om budsjettsituasjonen for 2011.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

1. Kontrollutvalet ber om at det i komande tertialrapporteringar blir utarbeidd prognosar for forventa rekneskapsresultat.
2. Kontrollutvalet har saka til observasjon.

Harald Rogne
dagleg leiar

HARAM KOMMUNE

Sakspapir

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	20.09.2011	089/11	Per Langnes
Kommunestyret	29.09.2011	056/11	Per Langnes

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 210	Arkivsaknr 11/585
---------------------------	---------------	----------------------

Tertialrapport 2. tertial 2011

Framlegg frå Rådmannen:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:
Kommunestyret tek tertialrapport for 2. tertial 2011 til vitande.

Behandling i Formannskapet den 20.09.2011:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS-089/11 Tilråding:
Kommunestyret tek tertialrapport for 2. tertial 2011 til vitande.

Behandling i Kommunestyret den 29.09.2011:
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-056/11 Vedtak:
Kommunestyret tek tertialrapport for 2. tertial 2011 til vitande.

Vedlegg:
Tertialrapport pr. 2. tertial 2011
Paretorapport pr 31.08.2011

Saksutgreiing:

I følgje økonomireglementet for Haram kommune skal det kvar tertial leggast fram ein økonomirapport til kommunestyret. I tillegg til økonomidelen viser vedlagte tertialrapport korleis status er i forhold til verksemdsplanar og styringskort.

I to av einingane er det gjort greie for at dei ikkje vil greie å halde seg innanfor den vedtatte budsjetttramma. Innanfor Barnehagetenestene er det opplyst at ein ser ut til å mangle ca. 3,4 millionar kroner i høve til budsjettet. Avviket er knytt til den nye finansieringsordninga for barnehagesektoren, og har tidlegare vore kommentert både i samband med budsjettkommentarane for 2011, og i tilknytning til tertialrapporten for 1. tertial. Innanfor Indre omsorgsdistrikt er det vist til at ser ut til å bli eit meirforbruk på ca. 2-2,5 millioner kroner. Til tross for at ein har gjennomført tiltak for å halde kostnadane nede, så har ein fått ein pasientsituasjon som er svært ressurskrevjande i forhold til tidlegare. Dette er knytt til ein pasient. Rådmannen har vurdert situasjonen saman med einingsleiarane, og ser ikkje at det er mogleg for desse einingane å kunne tilpasse seg gjeldande budsjetttrammer i den situasjonen som ein no har. Det vert derfor lagt fram eiga sak der ein vurderer endring av budsjetttrammene for desse to einingane.

I budsjettet for 2011 er det lagt inn ei forventa finansavkastning på 24 millionar kroner. Ved utgangen av 2. tertial er statusen ei negativ avkastning på ca. 15, 5 millionar kroner. Rådmannen har bede alle einingar om å gjennomføre sparetiltak der dette er mogleg

Vurdering:

Tertialrapporten gir eit godt bilete av situasjonen, og viser at ein på einskilde område har nådd måla eller er på god veg til å nå måla. På andre område står det litt att, og det er forutsatt at oppfølginga skal skje i siste tertial. Endeleg resultat vil gå fram av årsrapporten.

Økonomiplanen for 2012-2015 tilseier at ein må arbeide aktivt for å effektivisere og redusere kostnadane i organisasjonen. I tilknytning til dette har rådmannen sett i gong to prosjekt. Det eine er knytt til kommunen si eigedomsforvaltning der kommunestyret tidlegare i år gjorde vedtak om å ikkje opprette kommunalt føretak no, men arbeide vidare innanfor eksisterande organisering med tanke på å oppnå ei god eigedomsforvaltning. Dette inneber ei meir forretningsmessig drift av bygg- og eigedomsforvaltninga, og tiltak som kan gi betre eigarskap og forvaltning, drift og vedlikehald av kommunen si bygg- ogeigedomsmasse.

Det andre prosjektet er knytt til samhandlingsreforma og oppfølging av tidlegare vedtak knytt til eventuell samanslåing av omsorgseiningane. Her skal ulike tenester innanfor omsorg, helse og sosial sjåast i samanheng med tanke på utvikling og effektivisering av tenestene.

Rådmann

Per Langnes
Leiar Stab/støtte

Økonomirapport 2. tertial 2011 (pr. 31.08)

Generelle inntekter / utgifter - Hovudansvar 90 (Rekneskapsskjema 1A)			
	Rekneskap pr. 2.tertial 2011	Budsjett 2011	Rekneskap pr. 2.tertial 2010
Skatt på inntekt og formue	-128 978 267,00	-197 600 000	-135 019 022,77
Rammetilskot	-138 154 690,00	-198 000 000	-87 250 458,00
Andre generelle statstilskot			
Momskomp.investering	-1 189 910,00	-1 950 000	-6 010 780,65
Komp.invest.grunnskule	-131 190,00	-990 000	-127 500,00
Komp.invest. omsorg	0,00	-3 458 000	0,00
Komp.invest.kyrkjebygg	0,00	-5 000	0,00
Statstilskot flyktningar	-4 442 400,00	-5 568 000	-3 968 890,00
Sum frie disponible inntekter	-272 896 457,00	-407 571 000	-232 376 651,42
Renteutgifter ordinære lån	13 792 368,00	24 300 000	10 681 540,70
Renteutgifter formidlingslån	323 303,00	900 000	335 632,88
Avdrag	2 237 910,00	26 500 000	2 956 369,00
Renteinntekter bankinnskot	-276 292,00	-200 000	-267 782,16
Renteinntekter formidlingslån	-353 777,00	-900 000	-288 506,00
Andre renteinntekter	-23 317,00	-30 000	-23 255,00
Avkastning likviditetsplassering	-2 022 181,00		-906 860,00
Verdiauke finansplassering	6 495 963,00	-24 000 000	-3 744 872,00
Motpost avskrivningar (VAR)	0,00	-3 187 000	0,00
Kalkulatorisk rente (VAR)	0,00	-4 062 000	0,00
Avdrag på pensjonsavvik	0,00	1 500 000	0,00
Netto finansinntekter/utgifter	20 173 977,00	20 821 000	8 742 267,42
Bruk av tidleg. reknesk.messig mindreforbr.	-7 398 720,00	-7 399 000	0,00
Avsetning disposisjonsfond	6 398 720,00	6 399 000	0,00
Netto avsetninger	-1 000 000,00	-1 000 000	0,00
Overføring til investeringsrekneskapen	300 000,00	300 000	1 202 156,13
Til fordeling drift (Rekneskapsskjem 1B)	-253 422 480,00	-387 450 000,00	-222 432 227,87

SKATTEINNGANG OG RAMMETILSKOT

Det er budsjettert med inntekter frå skatt og rammestilskot på 395,6 millionar kroner, i tråd med KS sin prognose. Etter andre tertial utgjer desse inntektene 267,1 millionar, eller 67,5% av budsjettet.

Kommunen si budsjetterte auke i skatt og ramme for 2011 er 17,4% i forhold til rekneskapen for 2010. Denne store auken kjem av at statstilskot til barnehagedrifta frå 2011 no er innlemma i rammetilskotet.

Dei nasjonale prognosane for skatteinntektene er auka med om lag 1,3 mrd. I tillegg aukar øyremerka tilskot med 100 mill kr i år. Lønnsoppgjøret i kommunesektoren vart likevel dyrare enn dei prognosane som låg til grunn i opphavleg nasjonalbudsjett. For heile kommunesektoren vil lønnsoppgjeret gi ei auke i utgiftene på om lag 2 mrd i 2011. Samla gir dette ein nedjustert inntektsvekst på om lag 0,6 mrd i høve til statsbudsjettet.

KS sin prognose for skatteinngang på landsbasis viser ein nedgang på 5,4% i høve til i fjor. Etter dei 7 første månadane (augusttala på landsbasis er ikkje klare på noverande tidspunkt) ligg ein no på ein nominell nedgang på 2,5%. Dette har samanheng med kommuneopplegget for 2011, der regjeringa vedtok å senke skattane sin del av samla inntekt frå 45 pst til 40 pst. Samtidig auka rammetilskot til kommunane slik at endringa i makro er nøytral.

Åtskilt har skatteinngangen for Haram vore slik i 2011 samanlikna med 2010:

Månad	2010	Total 2010	2011	Total 2011	Endring	Endring i %
Januar	28 804 705	28 804 705	28 875 966	28 875 966	71 261	0,25 %
Februar	2 250 788	31 055 493	1 775 247	30 651 213	-404 280	-1,30 %
Mars	35 730 957	66 786 450	32 011 441	62 662 654	-4 123 796	-6,17 %
April	888 517	67 674 967	2 075 372	64 738 026	-2 936 941	-4,34 %
Mai	38 818 677	106 493 644	38 856 426	103 594 453	-2 899 191	-2,72 %
Juni	663 762	107 157 406	711 207	104 305 660	-2 851 746	-2,66 %
Juli	26 229 170	133 386 576	23 560 259	127 865 919	-5 520 657	-4,14 %
August	1 632 447	135 019 023	1 112 349	128 978 267	-6 040 756	-4,47 %

Trenden frå 1. tertial med svekka skatteinntekter ser ut til å halde fram i 2. tertial, og ved utgongen av august ligg ein på ein 4,47% lågare enn på same tid i fjor. Omtrent som etter 1. tertial. Det er ein liten auke i mai og juni i høve til same tid i fjor, medan ei for juli og august kjem bak fjoråret igjen. Prognose for Haram gir ein skattenedgang på 1,4%, fordi Haram dei siste åra blir rekna for å ligge over landsgjennomsnittet i skatteinngang. Kommunen ligg altså etter 2. tertial godt under dette anslaget.

ANDRE GENERELLE STATSTILSKOT


Mesteparten av rente- og avdragskompensasjon frå investering i omsorg og skule kjem i desember månad. Husbankrenta gjennom året vil avgjere kva tilskota vert på. Ein må gå ut frå at ein mottok om lag budsjetterte summar.

2010 var første året der momskompensasjonen delvis skulle gå tilbake til investeringsrekneskapen, og utgjorde 20%. For året 2011 utgjør dette 40%. Prosenten vert auka med 20% pr. år slik at frå 2014 skal heile momskompensasjonen førast til inntekt i investeringsrekneskapen. Reglane for bokføring seier at heile momskompensasjonen på investering skal førast til inntekt i driftsrekneskapen. I 2. tertial utgjorde dette kr. 1 189 910. 40% av dette skal overførast til investeringsrekneskapen som overføring frå driftsrekneskapen.

Avskrivning og renter frå VAR område er sum som først vert endeleg utrekna ved rekneskapsavslutninga. Ein må gå ut frå at desse summene vert om lag som budsjetterte.

"Paretorapporten" pr. 31/8 2011 ligg ved denne økonomirapporten. For 2011 er det budsjettert med 24,0 millionar kroner i avkastning på finansforvaltninga.

Figuren nedanfor viser eit totalbilde av kommunen sin samla gjeld og plasseringar.



DRIFTSUTGIFTER OG -INNETEKTER

Nettoutgifter i driftsrekneskapen er etter 2. tertial på 253,6 millionar kroner. Tabellen nedanfor viser korleis utgifter og inntekter for kommunen sett under eitt fordeler seg (finansinntekter/-utgifter og inntekter frå skatt og rammetilskot, dvs. ansvar 9000, er ikkje tatt med i tabellen).

2. tertial 2011 (tal i heile 1000)

	Akkumulert rekneskap	Forbruk %	Årsbudsjett
10 Løn, sos.utg.	223 946 887	65,3 %	343 117 000
11/12 Innsatsfaktorar	44 842 483	66,6 %	67 360 000
13 Kjøp av tenester	34 946 416	69,2 %	50 503 000
14 Overføringar	15 805 140	70,7 %	22 346 000
15 Finansutgifter	1 117 653	3,8 %	29 676 000
Sum utgifter	320 658 579	62,5 %	513 002 000
16 Salsinntekter	36 819 671	57,7 %	63 762 000
17 Refusjonar	29 653 818	81,4 %	36 408 000
18 Overføringar	94 656	23,1 %	410 000
19 Finansinntekter	495 266	2,0 %	24 962 000
Sum inntekter	67 063 411	53,4 %	125 542 000
Nettoutgifter	253 595 168	65,5 %	387 460 000

Brutto utgifter 2.tertial utgjer 320,7 millionar kroner. Av dette er 69,8% løn og sosiale utgifter.

Utgifter til innsatsfaktorar er kjøp av varer og tenester som går inn som innsatsfaktorar i kommunen sin tenesteproduksjon. Dette gjeld til dømes forbruksmateriell, straum, inventar, forsikring. Kjøp av tenester gjeld utgifter til tenester levert til brukarane frå andre produsentar enn kommunen sjølv. Døme på slike kostnadar er driftstilskot til private barnehagar, opphald i barnevernsinstitusjonar eller kjøp av tenester frå interkommunale føretak.

Inntektene utgjer 67,1 millionar kroner, og ligg på 53,4% av det budsjetterte. Refusjonar og overføringsinntekter er ofte ikkje jamt fordelt gjennom året. Avvik her må difor tolkast med dette i mente.

I tabellane nedanfor ser ein utgiftene, inntektene og forbruk i % av årsbudsjett innanfor dei ulike driftseiningane. Tabellane gir same informasjon som Rekneskapsskjema 1B for 2. tertial vil gjere, men i tillegg på hovudkontonivå.

10 Politisk			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	1 699 308	2 678 000	63,5 %
11/12	310 192	666 000	46,6 %
13	537 214	710 000	75,7 %
14	41 292	310 000	13,3 %
15	0	0	-
S.utg	2 588 006	4 364 000	59,3 %
16	0	0	-
17	37 292	30 000	124,3 %
18	0	0	-
19	0	0	-
S.innt	37 292	30 000	124,3 %
netto	2 550 714	4 334 000	58,9 %

11 Stab/støtte			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	11 068 344	17 879 000	61,9 %
11/12	5 315 255	6 084 000	87,4 %
13	717 661	1 228 000	58,4 %
14	1 609 551	1 621 000	99,3 %
15	1 100 000	2 828 000	38,9 %
S.utg	19 810 811	29 640 000	66,8 %
16	709 912	760 000	93,4 %
17	2 613 429	2 532 000	103,2 %
18	0	0	-
19	333 936	3 028 000	11,0 %
S.innt	3 657 277	6 320 000	57,9 %
netto	16 153 534	23 320 000	69,3 %

13 Tilskot kyrkjeleg fellesråd m.m.			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	0	0	-
11/12	0	210 000	0,0 %
13	0	0	-
14	3 830 000	5 240 000	73,1 %
15	0	0	-
S.utg	3 830 000	5 450 000	70,3 %
16	0	0	-
17	0	0	-
18	0	0	-
19	0	0	-
S.innt	0	0	-
netto	3 830 000	5 450 000	70,3 %

21 Grunnskuletenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	61 520 380	90 752 000	67,8 %
11/12	7 554 211	10 934 000	69,1 %
13	1 147 382	2 518 000	45,6 %
14	1 285 890	1 899 000	67,7 %
15	17 589	6 873 000	0,3 %
S.utg	71 525 452	112 976 000	63,3 %
16	1 905 966	3 745 000	50,9 %
17	7 182 979	6 458 000	111,2 %
18	30 000	0	-
19	17 589	6 873 000	0,3 %
S.innt	9 136 534	17 076 000	53,5 %
netto	62 388 918	95 900 000	65,1 %

23 Barnehagetenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	19 541 042	29 042 000	67,3 %
11/12	1 118 992	2 061 000	54,3 %
13	16 931 756	22 330 000	75,8 %
14	275 627	246 000	112,0 %
15	0	576 000	0,0 %
S.utg	37 867 417	54 255 000	69,8 %
16	3 597 681	5 699 000	63,1 %
17	1 965 744	680 000	289,1 %
18	0	0	-
19	0	576 000	0,0 %
S.innt	5 563 425	6 955 000	80,0 %
netto	32 303 992	47 300 000	68,3 %

25 Tiltakstenester barn/unge			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	9 058 303	14 726 000	61,5 %
11/12	2 176 052	3 655 000	59,5 %
13	1 291 083	1 600 000	80,7 %
14	474 520	738 000	64,3 %
15	0	54 000	0,0 %
S.utg	12 999 958	20 773 000	62,6 %
16	2 040	3 000	68,0 %
17	1 369 170	1 416 000	96,7 %
18	0	400 000	0,0 %
19	0	54 000	0,0 %
S.innt	1 371 210	1 873 000	73,2 %
netto	11 628 748	18 900 000	61,5 %

31 Helsetenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	11 893 636	18 756 000	63,4 %
11/12	1 659 496	3 862 000	43,0 %
13	4 303 341	7 001 000	61,5 %
14	521 939	299 000	174,6 %
15	0	141 000	0,0 %
S.utg	18 378 412	30 059 000	61,1 %
16	619 428	986 000	62,8 %
17	3 455 942	6 232 000	55,5 %
18	0	0	-
19	0	141 000	0,0 %
S.innt	4 075 370	7 359 000	55,4 %
netto	14 303 042	22 700 000	63,0 %

33 Omsorgsdistrikt I (ytre)			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	42 091 571	63 180 000	66,6 %
11/12	8 335 250	11 505 000	72,4 %
13	0	0	-
14	1 368 887	1 880 000	72,8 %
15	0	3 618 000	0,0 %
S.utg	51 795 708	80 183 000	64,6 %
16	7 899 948	11 135 000	70,9 %
17	4 276 875	4 430 000	96,5 %
18	0	0	-
19	59 906	3 618 000	1,7 %
S.innt	12 236 729	19 183 000	63,8 %
netto	39 558 979	61 000 000	64,9 %

34 Omsorgsdistrikt II (indre)			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	23 951 076	35 886 000	66,7 %
11/12	2 258 780	4 106 000	55,0 %
13	0	0	-
14	439 322	840 000	52,3 %
15	0	922 000	0,0 %
S.utg	26 649 178	41 754 000	63,8 %
16	3 619 237	6 109 000	59,2 %
17	1 734 265	2 523 000	68,7 %
18	0	0	-
19	38 140	922 000	4,1 %
S.innt	5 391 642	9 554 000	56,4 %
netto	21 257 536	32 200 000	66,0 %

35 Sosialtenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	20 450 437	30 790 000	66,4 %
11/12	1 408 712	2 022 000	69,7 %
13	4 316 660	5 098 000	84,7 %
14	1 305 312	1 810 000	72,1 %
15	80 723	385 000	21,0 %
S.utg	27 561 844	40 105 000	68,7 %
16	1 078 294	1 380 000	78,1 %
17	1 809 222	4 574 000	39,6 %
18	4 750	10 000	47,5 %
19	0	385 000	0,0 %
S.innt	2 892 266	6 349 000	45,6 %
netto	24 669 578	33 756 000	73,1 %

51 Byggesak og geodata			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	2 574 579	5 180 000	49,7 %
11/12	476 461	945 000	50,4 %
13	0	0	-
14	68 297	125 000	54,6 %
15	0	52 000	0,0 %
S.utg	3 119 337	6 302 000	49,5 %
16	1 971 810	2 395 000	82,3 %
17	366 631	355 000	103,3 %
18	0	0	-
19	0	52 000	0,0 %
S.innt	2 338 441	2 802 000	83,5 %
netto	780 896	3 500 000	22,3 %

52 Kommunalteknisk drift og eigedomsforvaltning			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	15 652 834	26 791 000	58,4 %
11/12	12 456 020	18 021 000	69,1 %
13	5 575 694	9 833 000	56,7 %
14	1 534 973	2 115 000	72,6 %
15	0	11 421 000	0,0 %
S.utg	35 219 521	68 181 000	51,7 %
16	14 748 209	30 036 000	49,1 %
17	4 019 897	5 288 000	76,0 %
18	0	0	-
19	0	6 507 000	0,0 %
S.innt	18 768 106	41 831 000	44,9 %
netto	16 451 415	26 350 000	62,4 %

53 Kultur, fritid og miljø			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	4 445 377	7 457 000	59,6 %
11/12	1 773 062	2 589 000	68,5 %
13	125 624	185 000	67,9 %
14	3 049 529	5 223 000	58,4 %
15	64	2 806 000	0,0 %
S.utg	9 393 656	18 260 000	51,4 %
16	667 146	1 514 000	44,1 %
17	1 922 372	1 890 000	101,7 %
18	0	0	-
19	0	2 806 000	0,0 %
S.innt	2 589 518	6 210 000	41,7 %
netto	6 804 138	12 050 000	56,5 %

Ettersom lønskostnadane utgjer nesten 70% av totalkostnaden vil avvik her gjere størst utslag. Etter 2.tertial bør ikkje lønskostnadane overstige 63% (65% for omsorgseiningane). Totalt for kommunen er forbruket 65,3% av budsjetterte lønskostnader. Korrigert for sjukelønsrefusjon vert forbruket 63,1%.

Tek ein omsyn til sjukelønsrefusjon vert forbruk av løn innan dei ulike einingane slik:

10 Politisk	63,5%
11 Stab/støtte	61,2%
21 Grunnskuletenester	64,6%
23 Barnehagetenester	63,5%
25 Tiltakstenester barn/unge	58,6%
31 Helseteneste	61,3%
33 Omsorgsdistrikt I	65,0%
34 Omsorgsdistrikt II	66,9%
35 Sosialtenester	63,9%
51 Byggesak og geodata	47,9%
52 Kommunalteknisk drift	56,8%
53 Kultur, fritid og miljø	59,5%

Dei fleste einingane ligg innanfor den ovannemnte marginen, men nokre ligg i høgste laget. Dette vert kommentert nærmare i første delen av tertialrapporten.

DRIFTSSITUASJONEN ELLES

Sett under eitt er totalsituasjonen for driftseiningane pr. 2.tertial slik:

Sum utgifter	66,5%
Sum inntekter	53,4%
Sum netto	65,5%

INVESTERINGSREKNESKAPEN

Dei største budsjett summene til investering i 2010 er følgjande:

	Rekneskap pr. 31/8-11	Budsjett 2011
Veg - grunnerverv	18.594.496	18.594.496
Vatn – Overføring IKS	3 730 125	6 000 000
Søvik skule - nybygg	3 516 252	5 000 000
Avlaup - vedlikehald	1 718 513	8 000 000
Vatn – vedlikehald, grunnerverv	774 613	4 000 000
Veg - vedlikehald	628 474	3 000 000
Kulturføremål – inventar og utstyr	437 573	373 000
Tennfjord skule - vedlikehald	389 497	1 000 000
IT – inventar og utstyr	334 635	1 000 000

KONKLUSJON

Einingane, med nokre unntak, ligg stort sett i rute etter 2. tertial. Ein viser her til einingsleiarane sine kommentarar i første del av tertialrapporten. På finansieringssida ser ein framleis noko svak skatteinngang og negativ marknadsverdi på finansplasseringa. Einingane må derfor framleis styre etter gjevne budsjetttrammer.

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 14.11.2011

**SAK 09/11
OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK**

Som vedlegg følger:

- Oppfølgingsskjema for oppfølging av kommunestyrevedtak frå kommunestyresak 001/09 til 058/10

Som går fram av skjemaet so er dei fleste sakene merka med "F" som burde indikere at sakene er ferdig behandla. Eg vil for ordens skuld innhente nærare opplysningar og definisjonar av dette symbolet til møtet.

Oppfølgingsskjema for nyare saker vil ein kunne kome tilbake til.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

SAKSPAPIR 212 av 212 funn.

Møtedato	Saksnr	Journaltittel	Sbh	JournalPostID	status	Merknad
29.01.2009	'001/09	Godkjenning av møtebok 18.12.08	EAM	'09/229	F	
29.01.2009	'002/09	Tilsetting av rådmann i Haram kommune	BSA	'09/86	F	
29.01.2009	'003/09	Vålhaugen hyttefelt, Ulla - Privat reguleringsplan	EHS	'09/61	F	
29.01.2009	'004/09	Brannstasjon BAR AS - Serverings- og skjenkeløype	EAM	'09/65	F	Søknaden vart trekt tilbake av søkeren
29.01.2009	'005/09	Ingebrigt Davik-huset KF. Drifts- og investeringsbudsjett 2009	FSY	09/75	F	
29.01.2009	'006/09	Innbruddsalarm på Brattvåg Ungdomsskule	BSK	'09/89	UA	Saka omhandlar evt. behov for alarmsystem generelt på kommunale bygg. Det er gjennomført ein del kartlegging.
29.01.2009	'007/09	Barneverntenesta i Haram - mandat for KKT-utgreiing	AVM	09/314	F	
29.01.2009	'008/09	Val av valstyre - delegasjon til valstyret	EAM	'09/320	F	
26.02.2009	'009/09	Godkjenning av møtebok 29.01.09	EAM	'09/792	F	
26.02.2009	'010/09	IKT-situasjonen i Haram - vurdering av status og vidare organisering	JPE	'09/631	UA	Delvis oppfølgt. IKT-leiar tilsett, plan for org. - orientering om arb. i KS-møte hausten 2009 om status og planarb. OK som oppfølging av vedtak. Avvikling av breibandstenester - tatt tid å finne løysing. Sak til fs i nov. 2010.
26.02.2009	'011/09	Vedlikehald av bygg og anlegg - Tiltakspakke	PLA	'09/595	F	
26.02.2009	'012/09	Synnalsneset, Brattvåg - utbygging av B13-14 og O1	KBE	'09/600	UA	
26.02.2009	'013/09	Kyrkjeskaret 1, Eidet - plan for utbygging	KBE	'09/596	UA	
26.02.2009	'014/09	IL Norborg. Kunstgrasbane for 7ar og 11lar-fotball. Søknad om kommunal garanti for låneopptak.	FSY	'09/337	F	

26.02.2009	'015/09	Haramsmodellen - kommune - skule - næringsliv	THA	'09/594	F	
26.02.2009	'016/09	Årsmelding 2008 - Eldrerådet	EAM	09/790	F	
26.02.2009	'017/09	Oppnemning av trafikknemnd 2007 - 2011	EAM	'09/789	F	
26.02.2009	'018/09	Vurdering av skulen i Haram - Mandat	THA	09/848	F	
26.02.2009	'019/09	Samfjordgardene k.sak 101/08 - lovlegkontroll	JPE	09/842	F	
26.03.2009	'020/09	Referatsaker	EAM	'09/1548	F	
26.03.2009	'021/09	Godkjenning av møtebok 26.02.09	EAM	'09/1549	F	
26.03.2009	'022/09	Pleie- og omsorgsplan - spm. om samanslåing av omsorgsdistrikta	SAA	'09/1354	F	
26.03.2009	'023/09	Oppfølging av pleie- og omsorgsplan 2008-11 - ny behandling	KBE	'09/550	F	
26.03.2009	'024/09	Regulering i Søvik sentrum - Austre del av Søvik	EHS	'09/1332	F	
26.03.2009	'025/09	Søvik sentrum, regulering - arkeologiske registreringar/utgravingar	KBE	'09/1422	F	
26.03.2009	'026/09	Gnr 168/2 m/fl - Næringsområde på Grytastranda	HGJ	'09/1234	UA	Endring etter motsegn
26.03.2009	'027/09	Barnehagesituasjonen i Haram	MEI	'09/1405	F	Vidare oppfølging av sak 74/09
26.03.2009	'028/09	Data - Vedk. økonomisk oppgjer	THA	'09/1353	F	
26.03.2009	'029/09	Veg og gatelysanlegg i Søvik - Finansiering	PLA	'09/1254	F	
26.03.2009	'030/09	Gjersetdalen villmarksområde BA. Søknad om delutbetaling av kommunal støtte. Finansiering.	FSY	09/733	UA	Tilskotet for 2010 er budsjettert, men ikke utbetalt pr. i dag.
26.03.2009	'031/09	Prisar for utdeling i Haram kommune. Forslag. Ny behandling.	FSY	08/6270	F	
26.03.2009	'032/09	Kontrollutval - Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS - Endring i selskapsavtalen	EAM	'09/1369	F	

26.03.2009	'033/09	Biografi av Kåre Haram - Søknad om tilskot	EAM	'09/622	F	
07.05.2009	'034/09	Godkjenning av møtebok 26.03.09	EAM	'09/2721	F	
07.05.2009	'035/09	UFO (UngdomsFritidsordninga). Halvårsrapport	TLB	09/1874	F	
07.05.2009	'036/09	Film & Kino. Val av utsending til årsmøte	FSY	09/2328	F	
07.05.2009	'037/09	Brattvåg IL. Haram Fotballhall. Søknad om kommunal lånegaranti og leigeavtale	FSY	09/2367	F/U A	Leigeavtalen er ikkje godkjent av fs
07.05.2009	'038/09	IL Norborg. Søknad om tilskot og / eller leigeavtale for kunstgrasbaner	FSY	'09/2374	F	
07.05.2009	'039/09	Gang/sykkelveg Austnes - Spørsmål om murar	PLA	'09/2398	F	
07.05.2009	'040/09	Grusbane på Eidet - grunnoppgjer	KBE	'09/2424	UT	
07.05.2009	'041/09	Vatne Autosenter AS - Søknad om skjenkeløyve	EAM	'09/2321	F	
07.05.2009	'042/09	Plan for forvaltningsrevisjon i Haram kommune	THA	'09/2724	F	Ok. Behandla i ks - revisjon
07.05.2009	'043/09	Kvalitet i skulen - KKT-utgreiing nr 2 / 2008-11	KBE	'09/2759	F	
18.06.2009	'044/09	Referatsaker	EAM	'09/3776	F	
18.06.2009	'045/09	Godkjenning av møtebok	EAM	'09/3777	F	
18.06.2009	'046/09	Årsmelding 2008	EAM	'09/3702	F	
18.06.2009	'047/09	Kommunerekneskapen 2008	EAM	'09/3704	F	
18.06.2009	'048/09	Budsjettjustering 2009	EHE	'09/3349	F	
18.06.2009	'049/09	Tertialrapport 1. Tertial 2009	VTO	'09/3433	F	
18.06.2009	'050/09	Haram omsorgssenter - opning og drift av stengt avdeling	SAA	09/3463	F	
18.06.2009	'051/09	Haramsøy Nordøy Fotballklubb. Søknad om støtte til fleirbruks- / fotballhall gjennom tilskot og kommunal lånegaranti	FSY	'09/3404	F	
18.06.2009	'052/09	Auke av økonomisk ramme for drift av barnehagar	MEI	'09/3348	F	Leigeavtale godkjent av fs i møte 07.06.10
18.06.2009	'053/09	Utbygging av Tennfjord barnehage og Søvik barnehage	KBE	'09/3431	F	

18.06.2009	'054/09	Flaumsikring av overvatn Orvik byggefelt og Vatne sentrum	JBV	09/3271	F	
18.06.2009	'055/09	Gatelys med PCB-armaturar - Sluttfaktura	PLA	'09/3390	F	
18.06.2009	'056/09	Haram ungdomsråd. Endring av vedtekter	TLB	'09/3336	F	
18.06.2009	'057/09	Helland - avtalar om bruk av skulebygget og utvikling av byggefelt	KBE	09/3388	F	
18.06.2009	'058/09	Ny plandel til plan- og bygningslova - delegering av oppgaver og kompetanse	EAM	'09/3660	F	
18.06.2009	'059/09	Ingebrigt Davik-huset KF - rekneskap	FSY	'09/3743	F	
18.06.2009	'060/09	Ingebrigt Davik-huset KF - val av styre og valnemnd 2009 og 2010	FSY	'09/3751	F	
18.06.2009	'061/09	Politikk for kommunale bustadar - KPU-utgreiing nr 1/2008-11	KBE	'09/3775	F	
18.06.2009	'062/09	Grusbane på Eidet - grunnoppgrjer	KBE	'09/2424	F	
18.06.2009	'063/09	Eidsvikeidet - Reguleringsendring næringspark - Vatne Tenfjord Invest	EHS	'09/3391	F	
18.06.2009	'064/09	Ingebrigt Davik-huset KF - årsmelding 2008	FSY	'09/3904	F	
27.08.2009	'065/09	Godkjenning av møtebok 18.06.09	EAM	'09/5145	F	
27.08.2009	'066/09	Drift av helsestasjonane i Søvik og på Vatne	AVM	'09/4138	F	Saka vart utsett
27.08.2009	'067/09	Vindparkanlegg i Haram - uttale i samband med ankebehandling	THA	'09/5150	F	
27.08.2009	'068/09	Vatne sentrum, reguleringsplan / ny bru - revidert budsjett	KBE	09/5131	F	
24.09.2009	'069/09	Godkjenning av møtebok 27.08.09	EAM	'09/5811	F	
24.09.2009	'070/09	Gnr 13/12 - Reguleringsplan Remma, Haramsøy	EHS	'09/5481	F	
24.09.2009	'071/09	Eigedomsforvaltning - organisering	PLA	09/5468	UA	Nedsatt prosjektgruppe arbeider med utgreiinga. Venta ferdig 1. halvår 2011.
24.09.2009	'072/09	Erverv av grunn til veg m/ fortau gjennom Austnes sentrum - Ekspropriasjon	PLA	'09/5506	UA	Skjønnsbegjæring er sendt til tingretten. Parallelt med ekspropriasjonssaka vart kommunen sitt vedtak om godkjenning av reguleringsplanen påklaga. Denne klagesaka ligg hjå Fylkesmannen til behandling.

24.09.2009	'073/09	Tiltakspakke - Vedlikehold av bygg og anlegg - Status sept 2009	BSK	'09/5540	F	
24.09.2009	'074/09	Barnehagar i Haram - utbygging i Tennfjord og Søvik / alternativ vurdering	KBE	'09/5486	F	Orienterings sak i f.sk. 15.03.10. Utsett i påvente av avklaring om ny finansieringsordning for barnehagane frå 2011. (M. Eik).
29.10.2009	'075/09	Godkjenning av møtebok 24.09.09	EAM	'09/6512	F	
29.10.2009	'076/09	Vurdering av skulen i Haram - Endring i skulestrukturen	EOO	'09/6321	F	
29.10.2009	'077/09	Vurdering av samanslåing av Ytre og Indre omsorgsdistrikt	THA	'09/6353	UA	Behandla 2009. Sjå på nytt i lys av samhandlingsreforma - 2011
29.10.2009	'078/09	Kyrkjeskaret 1 - spørsmål om erstatning for reguleringsarbeid	KBE	'09/6113	F	
29.10.2009	'079/09	Gnr 11/346 og 18 - privat regulering Austnes	EHS	'09/6387	F	
29.10.2009	'080/09	Økonomirapport - 2. tertialrapport 2009	VTO	'09/6349	F	
29.10.2009	'081/09	Reglement for eldrerådet - revidering	EAM	'09/6348	F	
29.10.2009	'082/09	Torbjørn Søvikhagen AS - overdraging av salsløyve til Søvik Mathus AS	EAM	'09/6340	F	
29.10.2009	'083/09	Overvassleidning Vatne ungdomsskule til Lomstjøenna	PLA	'09/6271	F	Nytt vedtak i sak 47/10.
29.10.2009	'084/09	Stiftelsen Austnes Aldersbustader - finansiering av 4 bustadar	KBE	'09/4135	F	
29.10.2009	'085/09	UFO (UngdomsFritidsOrdnninga). Halvårsrapport vår 2009	EAM	09/6553		
26.11.2009	'086/09	Referatsaker	EAM	'09/7177	F	
26.11.2009	'087/09	Godkjenning av møtebok 29.10.09	EAM	'09/7178	F	
26.11.2009	'088/09	Nedlegging av Hildre skule. Forskrift om nye kringsgrenser	EOO	'09/6993	F	
26.11.2009	'089/09	Nedlegging av Grytastranda skule. Forskrift om nye kringsgrenser	EOO	'09/7015	F	
26.11.2009	'090/09	Busetting av flyktningar i 2010	MGA	09/6756	F	Pr. i dag tatt i mot 17 flyktningar av 25
26.11.2009	'091/09	Gnr 23/7 - Privat regulering - gards- og fritidsbyggelag Røvreit - Hildrestranda	EHS	'09/6932	F	

26.11.2009	'092/09	Reguleringsplan for bustadområde på Hildre for B-4 i kommunedelplan - Ørbakken	EHS	'09/6946	F	
26.11.2009	'093/09	Budsjettjustering 2009 - ansvarsområde 3100 - Helsetenester	KMK	'09/7027	F	
26.11.2009	'094/09	Budsjettendring 2009	EHE	'09/6964	F	
26.11.2009	'095/09	Reglement for godtgjersle til folkevalde i Haram kommune	EAM	'09/6908	F	
26.11.2009	'096/09	Samfjordgårdene - k.sak 114/07. Sak frå kontrollutvalet	EAM	09/7169	F	
17.12.2009	'097/09	Referatsaker	EAM	'09/7483	F	
17.12.2009	'098/09	Godkjenning av møtebok	EAM	'09/7484	F	
17.12.2009	'099/09	Gebyr for kommunale tenester 2010 - Eigedom og teknisk drift	PLA	'09/7214	F	
17.12.2009	'100/09	Gebyrregulativ kommunale tenester 2010 - Byggesak og geodata	EHS	'09/7288	F	
17.12.2009	'101/09	Budsjett 2010	THA	'09/7289	F	
17.12.2009	'102/09	Økonomiplan 2010 - 2013	THA	'09/7311	F	
17.12.2009	'103/09	Fysioterapi - Søknad om utvida driftstilskot - Mikalsen	KMK	'09/7282	UT	Vart utsett, er seinare behandla
17.12.2009	'104/09	Spelemidlar 2010 - prioritering	THA	09/7271	F	
17.12.2009	'105/09	Søknad om gatelys i Nedstebygda på Vatne	PLA	'09/7265	F	Skal vurderast som innspel i trafiktrykingsplanen
17.12.2009	'106/09	Fritak frå verv - Astrid M. Fjørtoft	EAM	'09/7239	F	
17.12.2009	'107/09	Overformynderiet - val	EAM	'09/7260	F	
17.12.2009	'108/09	Ingebrigt Davik-huset KF. Vedtekter. Auke av styreleiar sitt honorar	EAM	09/7481	F	
17.12.2009	'109/09	Ingebrigt Davik-huset KF. Budsjett 2010	EAM	09/7459	F	
17.12.2009	'110/09	Samfjordgårdene - k.sak 114/07. Sak frå kontrollutvalet	EAM	09/7169	F	
17.12.2009	'111/09	Ny havne- og farvannslov - Delegasjon av mynde	PLA	'09/7693	F	
28.01.2010	'001/10	Godkjenning av møtebok 17.12.09	EAM	'10/409	F	Vart vedtatt utvida tilskot. Øk. Inndekking takast opp seinare i år.

28.01.2010	'002/10	Fysioterapi - Søknad om utvida driftstilskot - Mikalsen	KMK	'09/7282	F	
28.01.2010	'003/10	Sahara - Oppfølging av pålegg om fargefjerning mv.	PLA	'10/138	F	Avtale med Brattvåg Vassverk inngått. Anlegga vil stå ferdig våren 2011.
28.01.2010	'004/10	Framføring av kloakk til næringsområde på Eidsvikeidet	PLA	'10/202	F	
28.01.2010	'005/10	Renovering Haramsøy Skuler - omdisponering av midlar frå disposisjonsfond	BSK	'10/230	F	Finansieringsvedtak
28.01.2010	'006/10	Ambulansebåttenesta på Nordre Sunnmøre. Ikkje offentleg	PLA	'10/269	F	
25.02.2010	'007/10	Godkjenning av møtebok 28.01.2010	EAM	'10/911	F	
25.02.2010	'008/10	Nordøyvegen - innkreving av bompengar	THA	'10/699	F	
25.02.2010	'009/10	Brattvåg Barnehage BA - Søknad om kommunal garanti for lån	EAM	'10/722	F	
25.02.2010	'010/10	Gjersetdalen Villmarksenter - kommunale representantar 2010 - 2011	EAM	'10/677	F	
25.03.2010	'011/10	Godkjenning av møtebok 25.02.10	EAM	'10/1722	F	
25.03.2010	'012/10	Høyring Forskrift om nydyrking, forbod Mot dyrking av myr.	NES	'10/1395	F	
25.03.2010	'013/10	Styrking av arbeidet for å fremme helse og nærvær i Haram kommune	LKL	'10/1354	F	Styringsgruppe er oppnemnt, leiar tilsett frå 01.09.10. Arbeidet i prosjektet går over 2 år.
25.03.2010	'014/10	Gebyrregulativ for forvaltningsoppgåver etter matrikkellova	EHS	'10/1437	F	
25.03.2010	'015/10	Gnr 110/16 - privat regulering - rorbuer og hytter i Vestrefjord	EHS	'10/1383	F	
25.03.2010	'016/10	Gangveg byggefelt Flem II til skulen	PLA	10/1443	UA	Nytt vedtak i sak 51/10
25.03.2010	'017/10	Reguleringsplan for gang/sykelsti Engeset - Uggedal	PLA	'10/1360	UA	Mindre korrigering av plankartet må gjerast før kunngjering.
25.03.2010	'018/10	Nye val til div. verv	EAM	'10/1406	F	
25.03.2010	'019/10	Brattvåg Hotell - utvida skjenkeareal	EAM	'10/721	F	
25.03.2010	'020/10	Vatne Autosenter AS - Søknad om dispensasjon frå krav om stedfortredar	EAM	'10/1574	F	
25.03.2010	'020/10	Årsmelding Eldrerådet 2009	EAM	10/1417	F	

25.03.2010	'022/10	Sal av Norskyss - avtale	PLA	'10/1712	F	
29.04.2010	'023/10	Godkjenning av møtebok 25.03.2010	EAM	'10/2647	F	
29.04.2010	'024/10	Privat regulering - gnr 24/10 - Hildre	EHS	'10/2369	F	
29.04.2010	'025/10	Regulering Brattvåg sentrum - Sjøside	EHS	'10/2384	F	
29.04.2010	'026/10	Overvassledning/kloakk ved Søvik skule	PLA	'10/2216	UA	Anbudsutlysning er gjennomført.
29.04.2010	'027/10	Fritak frå verv - Svein Harsjøen	EAM	'10/2321	F	
29.04.2010	'028/10	Samarbeidsavtale om interkommunalt overgrepsmottak	KMK	'10/2354	F	
29.04.2010	'029/10	Betalingssatsar i kulturskulen	THA	'10/2375	F	
29.04.2010	'030/10	Barneverntenesta i Haram - KKT-utgreiing 1/2010	AVM	'10/2693	F	
29.04.2010	'031/10	Vatne Lavpris AS - søknad om flytting av salsløyve til nye lokale	EAM	'10/2779	F	
17.06.2010	'032/10	Referatsaker	EAM	'10/3986	F	
17.06.2010	'033/10	Godkjenning av møtebok 29.04.2010	EAM	'10/3987	F	
17.06.2010	'034/10	Årsmelding 2009	EAM	'10/3715	F	
17.06.2010	'035/10	Kommunerekneskapen 2009	EAM	'10/3713	F	
17.06.2010	'036/10	Ingebrigt Davik-huset KF - årsmelding 2009	EAM	'10/3985	F	
17.06.2010	'037/10	Ingebrigt Davik-huset KF - rekneskap 2009	EAM	'10/3979	F	
17.06.2010	'038/10	Energi- og klimaplan for Haram kommune - Godkjenning	PLA	'10/3675	F	
17.06.2010	'039/10	Gnr 173/2 - Byggefelt i Uggedalen - Søknad om privat regulering	EHS	'10/3747	F	
17.06.2010	'040/10	Tilleggslyyving kyrkjelege formål	THA	'10/3709	F	
17.06.2010	'041/10	Økonomirapport - 1. tertial 2010	GSØ	'10/3710	F	
17.06.2010	'042/10	Rehabiliteringsavdeling i Haram	KMK	'10/3711	UT	Skal sjåast på att i samband med budsjett 2011
17.06.2010	'043/10	Økonomiplan 2011 - 2014	THA	'10/3692	F	
17.06.2010	'044/10	Høyring av nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar i ein rammefinansiert sektor	MEI	10/3686	F	
17.06.2010	'045/10	Vedtekter for kommunale barnehagar i	MEI	10/3646	F	

17.06.2010	Haram	'046/10	Politisk styringsstruktur - kommunestyret sitt medlemstal	EAM	'10/3218	F	
17.06.2010	Erverv av kanal på gnr. 94, bnr. 1	'047/10	Erverv av kanal på gnr. 94, bnr. 1	PLA	'10/3636	UA	Vil bli iverksett fom neste valperiode
17.06.2010	Finansiering av tiltak ved Haramsøy og Tennfjord skular.	'048/10	Finansiering av tiltak ved Haramsøy og Tennfjord skular.	BSK	'10/3834	UA	Fylkesmannen har gitt samtykke. Skjønnsbegjæring sendt tingretten.
17.06.2010	Bustadar på Dalebu, Brattvåg	'049/10	Bustadar på Dalebu, Brattvåg	KBE	'10/3791	UA	Pågåande byggeprosjekt i avslutningsfase
17.06.2010	Reglement for finansforvaltning - Haram kommune	'050/10	Reglement for finansforvaltning - Haram kommune	THA	'10/3783	F	
17.06.2010	Gangveg byggefelt Flem II til skulen	'051/10	Gangveg byggefelt Flem II til skulen	PLA	10/3966	UA	Vedtak knytt til redusert fartsgrense med fartsdempande tiltak er fulgt opp gjennom møte med vegvesenet og søknad om midlar til gjennomføring. Arbeidet med gangrås gjenstår.
17.06.2010	Haram ungdomsråd - oppfølging av nye vedtekter	'052/10	Haram ungdomsråd - oppfølging av nye vedtekter	EAM	'10/2960	F	
17.06.2010	Haram frivilligsentral - endring av vedtekter	'053/10	Haram frivilligsentral - endring av vedtekter	EAM	'10/3065	F	
17.06.2010	Vatne autosenter AS - søknad om salsløyve for øl for Joker Vatne	'054/10	Vatne autosenter AS - søknad om salsløyve for øl for Joker Vatne	EAM	'10/3205	F	
17.06.2010	Vatne Autosenter AS - Søknad om flytting av skjenkeløyve til nytt lokale	'055/10	Vatne Autosenter AS - Søknad om flytting av skjenkeløyve til nytt lokale	EAM	'10/3214	F	
17.06.2010	Samhandlingsreforma - interkommunalt samarbeidsprosjekt i ÅRU	'056/10	Samhandlingsreforma - interkommunalt samarbeidsprosjekt i ÅRU	THA	'10/3776	F	
17.06.2010	Val av ny medlem til Haram eldreråd	'057/10	Val av ny medlem til Haram eldreråd	EAM	'10/3060	F	
17.06.2010	Søknad om serverings- og skjenkeløyve - Kebab metropol	'058/10	Søknad om serverings- og skjenkeløyve - Kebab metropol	EAM	'10/3857	F	